



Harald Rebnor Valle  
Konglevoll 22  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5875 - 22/71414

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
16.09.2022


## Melding om registrert bygg unntatt søknadsplikt - gbnr 54/2 Konglevoll

Kommunen har registrert ferdig oppsatt bygg i matrikkelen etter opplysningar i innsendt melding frå deg, dat 02.08.22.

Du har oppgitt same areal for BRA, BTA og BYA, noko som ikkje er logisk. Det er ført slik som det var innsendt, då me ikkje kjenner til om det er utvendig eller innvendig areal som er oppgitt. I skjemaet du har sendt inn, er det inngåande forklart kva som meines med dei ulike typane areal. Det er fint om du sender inn oppdaterte areal for oppdatering i matrikkelen.

Bygget er plassert ca i kart ( fasadeliv) og bygningsopplysningane er registrert i bygningsdelen i matrikkelen. Bygget er registrert som «annan landbruksbygning», då me ikkje har opplysningar om kva bygget skal nyttast til.

Bygget vil verte meir nøyaktig innteikna etter neste ny-kartlegging.



Ved denne registreringa av bygg utan søknadsplikt i kart og matrikkel, etter Plan- og bygningslova (PBL) §20-5, er det ikkje vurdert om oppsett bygg oppfyller vilkåra for fritak frå søknadsplikt. I slike saker er det byggherre sitt ansvar å kontrollere at alle vilkår for å byggja unntatt søknad er til stades.

Registreringa i matrikkelen inneber då heller ikkje noko godkjenning av bygget etter PBL.

Vedlagt er matrikkelrapport som viser kva opplysningar som er registrert om bygget.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

54-2 Annen landbruksbygning unntatt søknadsplikt

**Mottakarar:**

Harald Rebnor Valle

Konglevoll 22

5956

HUNDVIN